


9. 27 600 besøk hos arkiva

I 2004 blei det registrert 27 624 lesesalbesøk ved dei norske statsarkiva. Dette er ein nedgang på 4 000 sidan 2003. Samstundes blei det utlevert 49 489 arkivstykke på lesesalbesøka, og det er ein liten oppgang i same perioden. Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo er det mest besøkte arkivet med 22 395 arkivstykke utleverte på til saman 9 107 besøk.

Figur 9.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke ved lesesalane. 1993-2004



Kjelde: Riksarkivet.

Figur 9.1 syner at det har vore ein nedgang i bruken av arkiva dei siste åra. I 2001 var det 5 484 fleire besøk enn i 2004, men samstundes blei det utlevert 1 732 fleire arkivstykke på lesesalane i 2004. Storparten av nedgangen i besøk kan tilskrивast arkiva i Oslo. Statsarkivet i Kristiansand stod for storparten av auken i utleverte arkivstykke i perioden.

Sidan 1993 har det vore ein kraftig nedgang både i besøk og utlevering av arkivstykke. Det har vore 25 prosent nedgang i besøk og ei halvering i talet på utleverte arkivstykke. Statsarkivet i Kristiansand har hatt den kraftigaste nedgangen i besøk med 44 prosent sidan 1993, medan statsarkivet i Bergen har hatt den kraftigaste nedgangen i talet på utleverte arkivstykke med 52 prosent. Tabell 9.1 viser alle detaljane.

Den same nedgangen i bruken av arkiva kjem òg til syne når det gjeld utlån til andre institusjonar, sjå tabell 9.2. I 2004 var det 255 utlån til andre institusjonar frå arkiva. Dette er ein liten auke frå 2003, men ein stor nedgang sett i forhold til åra før 1998.

Riksarkivet og dei åtte statsarkiva har som oppgåve å ta imot og halde tilgjengeleg alle verneverdige dokument og liknande frå statsadministrasjonen, når dei ikkje lenger trengst i den daglege verksamda der. (Arkivverket, 2005.)

Sentraladministrasjonane leverer til
Riksarkivet, medan dei regionale og
lokale instansane leverer til dei regionale
statsarkiva.

Referanse:

Arkivverket, <http://www.arkivverket.no/>

Tabell 9.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke¹ på lesesalen. 1993-2004

	1993		1997		2001		2002		2003		2004	
	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke
I alt	36 742	98 865	38 977	63 903	33 108	47 757	31 663	51 778	31 678	47 881	27 624	49489
Riksarkivet og Statsarkivet												
i Oslo	15 420	42 787	15 641	26 458	13 512	21 705	12 921	24 432	13 351	21 531	9 107	22 395
Statsarkivet												
i Hamar	3 763	4 930	3 575	4 463	2 912	2 668	2 686	2 515	2 477	2 402	2 510	2 593
Statsarkivet												
i Kongsberg ²	..	..	2 278	4 310	2 007	3 807	2 061	3 444	1 834	3 242	1 991	3 795
Statsarkivet												
i Kristiansand	3 497	11 317	1 969	4 444	2 137	3 036	1 923	3 869	1 958	4 283	1 958	4 283
Statsarkivet												
i Stavanger ..	3 714	5 860	3 113	2 133	2 390	1 852	2 665	1 623	2 528	1 342	2 528	1 342
Statsarkivet												
i Bergen	3 638	8 769	5 582	10 661	3 583	3 982	3 161	3 464	3 201	4 232	3 201	4 232
Statsarkivet												
i Trondheim .	4 312	20 236	4 449	8 727	4 614	8 302	4 291	8 885	4 599	8 627	4 599	8 627
Statsarkivet												
i Tromsø	2 398	4 966	2 370	2 707	1 953	2 405	1 955	3 546	1 730	2 222	1 730	2 222

¹ Arkivstykke er eit samanfattande omgrep for bind, eske, kapsel, kassett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveiningar.

² Statsarkivet i Kongsberg opna i 1994.

Kjelde: Riksarkivet.

Tabell 9.2. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1993-2004

	1993	1997	2001	2002	2003	2004
I alt	422	426	229	257	244	255
Riksarkivet	149	168	89	125	134	137
Statsarkivet i Oslo	36	32	31	17	4	8
Statsarkivet i Hamar	27	24	12	12	12	11
Statsarkivet i Kongsberg ¹	..	17	9	2	3	8
Statsarkivet i Kristiansand	32	31	18	18	22	22
Statsarkivet i Stavanger	67	70	40	31	35	35
Statsarkivet i Bergen	17	30	17	13	9	9
Statsarkivet i Trondheim	75	28	7	31	11	11
Statsarkivet i Tromsø	19	26	6	8	14	14

¹Statsarkivet i Kongsberg opna i 1994.

Kjelde: Riksarkivet.